
Fra: Plan Avdelingen
Sendt: 13. desember 2017 12:40
Til: Knut Bjørnevoll
Emne: Uttale til dispensasjonssøknad- gbnr 140/50 Erstad

Uttale til dispensasjon til oppføring av bustad på gnr. 140 bnr. 50, Erstad, Lindås.

Tiltak og planstatus:

Det er søkt om dispensasjon frå kommuneplanen for oppføring av bustad på tomt som vart frådelt for 10 år sidan. Arealbruken i kommuneplanen den gongen var LNF med spreidd bustadbygging og høve til bygging av 3 bustader i planperioden.

I gjeldande kommuneplan, Kommuneplan for Lindås 2011 – 2023 er arealkategorien den same som før: LNF med spreidd bustadbygging, men utan høve til å bygga nye bustader.

Tomta vart frådelt i 2007 og i delingsvedtaket er det opplyst om at tiltaket vert rekna som ein av dei 3 bustadane som det vart opna for i førre kommuneplanperiode.

I gjeldande kommuneplan står det «Av dei 3 einingane det vart opna opp for i planperioden er alle bygd ut eller **delt frå**».

Under føresetnad av at det ikkje er gjeve løyve til oppføring av fleire bustadar enn dei 3 det vart opna opp for i førre kommuneplan vil planavdelinga tilrå at det vert gjeve dispensasjon til å oppføra bustad på eigedommen gbnr. 140/50 på Erstad.

Trude Langedal | Arealplanleggar/sivilarkitekt

E-post: Trude.langedal@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 56 25

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no

